

Lars Nyre. 5. februar 2013.

Kursleiarers evaluering av "Dokumentarisk mobilapplikasjon", ei spesialisering innafor MEVI 153: "Dokumentar og reportasje"

Emnet MEVI 153 skal gje studentane teoretiske og analytiske kunnskapar om og dugleikar i dokumentar- og reportasjegenren innafor audiovisuelle media, web og mobile plattformer. Emnet har mappeevaluering. Mappa vert vurdert med karakterane A til F, og har desse komponentane: 1. Eit analytisk arbeid på 3000 ord, og 2. Eit praktisk arbeid i grupper på tre, der gruppene arbeider saman gjennom semesteret frå idéutvikling til ferdig produkt.

Den praktiske delen av MEVI153 er delt i to: studentane frå journalistikk og film og fjernsyn produserer ein videoreportasje, medan studentane frå nye medier produserer ein applikasjon for mobiltelefon der dokumentariske videoelement vert viste fram, gjerne med bruk av GPS-lokalisering. Øyvind Vågnes var ansvarleg for den fyrste delen, medan Lars Nyre var ansvarleg for den andre. Mi vurdering er difor avgrensa til nye medier-delen.

Kursgjennomføring

Me hadde 8-10 fellesmøte, og her vart dei praktiske prosjekta diskutert om att og om att i plenum, slik at alle skulle vera klar over kva dei andre dreiv med. Me la vekt på ulike trekk ved prosjekta kvar gong, td programmering, design og rapportskriving. På fyrste møte hadde Lars Nyre ei forelesing om "Kontekstsensitive medier". Desse fellesmøta fungerte godt, men det ville truleg vore endå meir effektivt å rettleiing direkte med gruppene. Dersom kurset skal vidareførast i ei ny form, bør slik rettleiing verta prioritert.

Kursopplegget føreset at studentane ikkje sjølv skal produsera innhaldet, men ta i bruk allreie produsert stoff. Då vert det meir gjennomførleg å designa og programmera ein faktisk fungerande applikasjon i løpet av eitt semester. Hausten 2011 brukte me materiale frå Universitetsbiblioteket, og hausten 2012 brukte me materiale frå NRK Hordaland. Dette prinsippet har eg fått forsterka trua på, og eg vil tilrå at kurs med nye medier-studentane i stor grad dreier seg om programmering og design med ferdigprodusert materiale (gjerne produsert av studentar på dei andre bachelorgradene).

Materialet frå NRK var svært verdifullt for oss. Våre kontaktar i NRK var Bodil Moldskred og Johannes Kyte, og dei gav oss lov til å henta ut kva som helst slags materiale frå NRK-arkivet. Kvar gruppe fekk henta ut 10 klipp på til saman ein halvtime, og dette vart overført på ein harddisk, og arbeidd vidare med i Mac-labben og T-lab. Det var svært vellukka å ha nærkontakt med ein profesjonell aktør som NRK. Studentane fekk ei kjensle av at det dei gjorde var "på ekte", og dei lærte dessutan mykje om kva som finst i NRK-arkivet, og korleis det kan hentast ut. Dette er kunnskap som kan komma til nytte seinare. Eg håpar også at kontakten med NRK kan vidareutviklast i framtidige kurs, og at me kan få lov å bruka arkivmateriale i andre prosjekt.

Etter innleiande diskusjonar endte me opp med fire prosjekt, og dei er som følgjer: "BergenByApp" som brukte arkivmateriale knytta til Den Nationale Scene, "Norsk attraksjon" som brukte klipp frå det populære TV-programmet Norsk Attraksjon, "Rail Mate" som brukte opptak frå hendingar og stader langs Bybanen, og "Musikk-Bergen" som brukte konsertopptak, intervju og anna materiale knytta til bergensk musikkliv.

Faglærer i mobilprogrammering Bård Bachmann gav ei veker intensiv opplæring i Android-programmering, og la vekt på dei følgjande emna: "- Intents/Aktivitetar og generell oppbygging. - Arbeid med XML-filer, Views og design. - Hvordan koble seg til telefonens hardware, med vekt på GPS og sensorer. - Hvordan bruke Google Maps. - Hvordan lagre tekst og bilder i applikasjonen. - Hvordan lagre video og lyd i applikasjonen". Etter denne opplæringa jobba gruppene sjølvstendig med utviklinga i T-lab i nesten tre månader fram til innleveringsdato, og hadde teknisk rettleiing med Bård Bachmann etter avtale. Dette var eit passende omfang teknisk opplæring, og det var spesielt lurt å involvera faglæraren i rettleiing direkte på problematiske ting i applikasjonen. Då vart læringa orientert direkte mot det som studentane trengte å finna ut av. Bachmann er ein pliktoppfyllande og flink faglærer som eg vil anbefala til anna undervisningsarbeid i tilknytning til mobilprogrammering.

Det var utfordrande for studentane å skulla visa dokumentarisk video på mobilen. Utfordringa var ikkje primært teknisk. Det viste seg vanskeleg for studentane å sjå korleis eit spesifikt audiovisuelt materiale best kan visast på mobilen. Til dømes var det lite bruk av voice-over og andre lydelement i appane, og for å sjå videoane måtte ein trykka seg til dels langt inn i applikasjonen. Det verkar som at tekst og fotografi er intuitivt og lett å leggja til

rette for på mobilen, medan lyd og levande bilete ikkje har etablerte genremessige og kulturelle føringane frå før. Sjølv om det var ei heilt forelesingsrekke om audiovisuell dokumentar og reportasje var det vanskeleg for studentane å overføre dei omtalte sjangerkjenneteikna til mobilplattformen. Dette skuldast altså ikkje at forelesingane var irrelevante, men at det er intellektuelt vanskeleg å gjera slikt "omsetjingsarbeid". Eg oppfattar dette som teikn på at kurset involverer eit nybrottsarbeid som nesten er for vanskeleg å forholde seg til for 2. årsstudentar, og som i alle fall er ei genuin intellektuell utfordring. Men dette gjorde strengt tatt at kurset i dokumentarisk videoapplikasjon vart meir fagleg spennande enn opprinneleg tenkt, og styrkar også grunnlaget for å vidareutvikla kurset i framtida. I så fall må det vera kursleiarens jobb å klargjera rammene for bruk av audiovisuelt materiale på mobilen på ein meir spesifikk måte.

Gjennomføring

Nye medier-faget har kroniske problem med fråfall blant studentane. Ved semesterstart var det tolv studentar, men ved innleveringstidspunktet hadde tre av dei slutta på faget. To studentar slutta fordi dei hadde stroke på fleire av dei andre kursa i programmering, og ikkje hadde håp om å klara å fullføre dei, eller tilstrekkeleg motivasjon. Ein student slutta pga. samarbeidsvanskar og generelt dårleg motivasjon. Sjølv om eg prøvde å overtala dei til å fortsetja, var det klart at dei hadde gode personlege grunnar til å slutta.

Når det gjeld karakter så var det jevnt over høgt nivå på innsatsen. Åtte av dei ni studentane som tok eksamen fekk B, medan ein fekk C. Både dei analytiske oppgåvene og den praktiske produksjonen vart utarbeidd med disiplin, samarbeidsvilje og pågangsmot. Eg trur at alle ni kjem til å fullføre bachelorgraden i nye medier, og at 153-kurset var ei positiv oppleving om er med på styrka gjennomføringsevna deira.

Framtida

Pga. ei omlegging av bachelorgraden i informasjonsvitskap kan ikkje nye medier-studentane ta MEVI 153 frå hausten 2013, og dette betyr i praksis at kurset i dokumentarisk mobilapplikasjon vert lagt ned, medan tilbodet til journalistikk og film og fjernsyn fortset som før. Eg oppfattar det som uheldig at dette tilbodet vert lagt ned. Dette er eit av berre tre kurs som er spesielt innretta på nye medier (dei andre er INFOMEVI171 Webserie og INFOMEVI270

Bacheloroppgåve i nye medier). Programrådet for dei praktiske utdanningane forsøkte hausten 2012 å få etablert eit nytt kurs spesielt for nye medier, basert på erfaringane med dokumentarisk mobilapplikasjon; “INFOMEVI173 Journalistiske mobilapplikasjonar”. Men pga. ein vanskeleg ressursituasjon for dei praktiske faga vart det ikkje mogeleg å oppretta dette kurset. Erfaringane som eg har gjort greie for ovanfor gjer det naturleg å prioritera å etablera eit slikt kurs så snart ressursituasjonen har vorte betre.